



Høyringsuttale (KF-239)

Referansenummer: TTV4GG

Registrert dato: 08.04.2016 11:15:03

Vedlegg:

Høyrings svar intensjonsavtale Meland sokneråd 7.4.16.pdf

Innleiing
Uttalen blir gjeven <input checked="" type="radio"/> På vegner av føretak/lag/foreining
Opplysningar om føretak/lag/foreining
Organisasjonsnummer 976995406
Føretak/lag/foreining Meland sokn
Adresse Pb 117
Postnummer 5906
Poststad FREKHAUG
Telefon 56171480
Telefaks

Uttale
Har du/dere fått høyringssaka i adressert sending frå kommunen <input checked="" type="radio"/> Nei
Namnet på høyringssaka <input checked="" type="checkbox"/> Nordhordland kommune - Intensjonsavtale for ny kommune - Høyring <input type="checkbox"/> Alkoholpolitisk handlingsplan - Høyring <input type="checkbox"/> Utbygging av breiband - Høyring <input type="checkbox"/> Barnehageplan 2016-2020
dd.mm.år

Svar på? høyring om intensjonsavtale frå Meland sokneråd

Viser til framlegget ?Nordhordland kommune, versjon 1.0 datert 1. mars 2016, frå forhandlingsutvalet. Meland sokneråd vil med dette komme med kommentarar til dei punkta i avtalen som rører ved kyrkja.

Vi tek i dette høyringssvaret utgangspunktet i formuleringar i intensjonsavtalen som vi ser som vesentlege, også for kyrkja. I denne fasen har Meland høve til å arbeide for interessene for området vi representerer, noko som vil bli mykje vanskelegare etter ei eventuell samanslåing.

Den nye kommunen vil ha mange gamle kyrkjer i bygder som er tynt folkesett. Dette må ikkje kome i vegen for kyrkjelege tenestetilbod som er nær brukarane. Ei nærkyrkje på Frekhaug vil vere eit strategisk reiskap i førebyggjande arbeid inn mot den store folkekonsentrasjonen. Dette gjeld uansett om ein tenker kulturbygg i prosjektet eller ikkje.

?Tenestetilbodet skal vera der brukarane bur? (ref. Intensjonsavtale 25.01.2016, punkt 2 Visjon). Tenestetilbod der brukarane bur, er i tråd med det kyrkja ynskjer for det kyrkjelege tilbodet i Meland og kan realiserast gjennom bygging av ei ny kyrkje nær dei store busetnadsområda i Meland.

?Me skal ha likeverdige tenester i heile kommunen? (ref. Intensjonsavtale 25.01.2016, punkt 3 Verdier, mål og prinsipp) Alle dei 8 kommunane, utanom Meland, har kyrkjebygning i nærleiken av eit av dei planlagde nærsentera. I Meland er kyrkja 5 km frå nærsenteret Frekhaug.

?Heile omsorgstilbodet skal ivareta at innbyggjarane får nærleik til tenestene. Sjukeheims plassar, bufelleskap, omsorgsbustader og bu- og servicesenter skal vera nærast mogleg der innbyggjarane bur, for å sikra lokal identitet og nærleik til tenestene? (ref. Intensjonsavtale 25.01.2016, punkt 7 Prinsipp for tenestetilbod og kompetanse). Felleskap og omsorg - oppsummert i ordet diakoni ? er kyrkje sin styrke og kan vera eit naturleg og viktig supplement til det kommunale omsorgstilbodet. Ei kyrkje nær dei nyare busetjingsområda vil vera med på å skape lokale nettverk og identitet.

?Den nye kommunen skal vera ein god oppvekst-, barne- og ungdomskommune.? (ref. Intensjonsavtale 25.01.2016, punkt 7 Prinsipp for tenestetilbod og kompetanse) Kyrkja tilbyr gratis barne og ungdomsarbeid gjennom fellesskapsbyggjande aktivitetar. Dette skjer i hovudssak gjennom frivillig arbeid.

?Den nye kommunen vil utarbeida ein klima- og miljøplan. Når ein utarbeidar ein ny klima- og miljøplan vil ein ha særskild fokus på alternative energiformer, miljøeffektive løysingar og førebyggja klimaendringar gjennom lokal handling?

(ref. Intensjonsavtale 25.01.2016, punkt 7 Prinsipp for tenestetilbod og kompetanse) Ei satsing på ei kyrkje som kan nåast av mange utan å nytte bil har ei viktig miljøside.

?Ein ny kommune skal handtera framtida, ikkje dagens situasjon.? (ref. Intensjonsavtale 25.01.2016, punkt 7 Prinsipp for tenestetilbod og kompetanse). Framtida vil gje meir utbygging i Frekhaugområdet. Det vil auka behovet endå meir for ei nærkyrkje på Frekhaug.

I dei nyare busetjingsområda i Meland er ikkje kyrkja synleg tilstades med kyrkjebygning. Kyrkja ønskjer framleis å vere samfunnsbygger og ein positiv identitetsskapande faktor lokalt. For ei heilskaplig samfunnsbygging, slik det står i intensjonsavtalen, må heile menneskelivet vere med.